

Veteranbåtstemne i Florø

Til helga inviterer Atloys Venner og Veteranskipslaget Stavenes til veteranbåtstemnet Fjordstemne i Florø.

Arrangementet vil gå føre seg over fire dagar, frå 5. til 8. august.

– Vi skal lage fire dagar med fokus på fjorden og kysten og båtane som brukte denne riksvegen til å utvikle landet og knytte by og bygd saman, skriv arrangørane.

37 hamner i bruk

44 større veteranskipp, fleire eldre redningsskøyter, ei mengd forskjellige skøyter og agentbåtar er noko av det publikum kan få med seg. Stemnet har òg eit tilbod til dei som er interesserte i eldre bilar; 12- 14 veteran- brannbilar, 10 - 12 veteranbussar og 150 veteranbilar vil vere utstilt under Fjordsteam.

Båtane vil samlast i Bergen onsdag for samsegling til Skjerjehamn og Måløy. Båtane kjem til Florø torsdag ettermiddag, der dei vil vere opne på kveldstid gjennom heile helga, med tilbod om servering og musikk. Programmet elles omfattar mellom anna båtturar i distriktet, torgdag, Bondens Marknad, revy og konsert med Sigrid Moldestad.



Frå 5. til 8. august inviterer Atloys Venner til veteranbåttreff i Florø. Her Florø si eiga skute, S/J Svanhild, avbildta.

Under stemnet vil heile 37 forskjellige hamner vere inkludert i ruteopplegget. Arrangørane ønskjer at alle kaiar, heile sentrum og distriktet skal takast i bruk. Alle typar fartøy er velkomne, og arrangørane lovar å få plass til alle som vil delta på stemnet

Treng mannskap

Laurdag vert det høve for publikum og andre interesserte å bli med som mannskap på ein av dei tre gamle jaktene som set kvaran-

dre i stemne på Florevika. Florø si eiga skute S/J Svanhild skal møte S/J Mathilde som representerer Hardanger Fartøyvernssenter i Norheimsund og S/J Caroline af Sandnes til regatta. Med på regattaen vert ògså S/Y Auno frå Romsdalen.

– Båtane er store og tunge i snuen, og vil trenge mannskap til å heise segl og anna om bord, opplyser arrangørane.

Totalt er det bruk for 20 personar som kan vere mannskap om bord.